

Høyringsuttale – Samfunnsdelen til kommuneplanen 2020 – 2032

<https://pub.framsikt.net/2020/nyekinn/mr-202001-samfunnsdelen>

Flora Industri- og Næringsforening (FIN) si høyringsuttale til kommuneplanen. Vi har først og fremst konsentrert oss om arealstrategien, som i følgje plandokumentet er bindeleddet mellom samfunnsdelen og arealdelen. Den gir hovudprinsippa for den langsiktige arealbruk i kommunen og gir dermed føringar for arealdelen til kommuneplanen. Det er arealdelen til kommuneplanen som fastset arealbruken med juridisk bindande verknad.

FIN har tatt føre seg følgande punkt i si høyringsuttale:

1. Tilgjengeleg næringsareal i Florø
2. Plassering av konteinarhamn
3. Flyplassen og tilrettelegging for framtida
4. Tilgang på rikeleg og grøn energi i heile Florø
5. Fortetting i utbygde område

1. Tilgjengeleg næringsareal i Florø

Dette er eit tema som FIN har jobba med kontinuerleg sidan 1990. Medlemsbedriftene i FIN har i mange tilfelle tatt grep og pusha utbyggingar og utvikling av næringsareal. På område som til dømes Botnastranda og Nesjane i Eikefjord har utbyggerane teke betydeleg risiko. Kommunen må sørge for at slike prosessar går raskare og vere meir offensiv i planlegginga. Det er stort behov for næringsareal i Florø – og det er viktig å vere i forkant om nye næringar eller eksisterande bedrifter treng utviding. Derfor må det peikast på fleire næringsareal i arealplanen for Florø.

Florelandet nord:

Grønenga må komme inn i planen for næringsutbygging, slik at ein er klar for utbygging av både næring og bustader. På både Rota og Grønenga må ein legge til rette for at bustadutbygging, næring og rekreasjonsområde kan fungere i eit tilfredstillande samspel. Her må ein legge til rette for utvikling av attraktive og miljøretta bydelar.

Gunhildvågen:

Den tidlegare planen om ein nordleg trasé / tilkomstveg til næringsarealet i Gunhildvågen må realiserast. Arealet mellom denne nordlege traséen og eksisterande tilkomstveg i Gunhildvågen må omdisponerast frå LNF (Landbruks-, natur- og friluftsområde) til næringsareal. Området trengs til utvikling av Gunhildvågen, for nye og etablerte næringsaktørar. I tillegg må det leggest til rette for næringsareal nord (Måsholmen) og vest for eksisterande næringsareal i Gunhildvågen.

2. Plassering av konteinarhamn

Dagens konteinarhamn er plassert på Fugleskjerskaia, midt i sentrum og bybildet, og på eit forholdsvis trangt område - og må flyttast ut av sentrum. Dette har det vore brei politisk semje om i lang tid – noko FIN også har støtta opp om.

I Gunhildvågen føregår det aller meste av konteinartrafikken gjennom selskapa Global og Cargill/Ewos. Ein nyleg utarbeidd rapport – laga av K. Jansen – seier at heile 95 % av konteinartrafikken går til/frå Gunhildvågen. Skal ein få til konteinarhamn i Gunhildvågen krevst det store utbyggingar av m.a. Måsholmen. I Botnastranda er det liten konteinartrafikk, men her er det tilgjengeleg areal og ei kommunal kai som kan brukast til dette formålet utan store investeringar. Ulempa her er at konteinarane må gå på bil gjennom sentrum til/frå industrien i Gunhildvågen. Dermed vil ein framleis ha problema med tungtrafikk gjennom sentrum, på same måte som ein har med dagens løysing ved Fugleskjerskaia.

Problemstillinga er at industrien i Gunhildvågen treng konteinarhamn, men at på basen er investeringane gjort. Økonomisk, miljø- og trafikkmessig er det uheldig med all tungtrafikken mellom aust og vest. Å utvikle Gunhildvågen og Måsholmen krev store investeringar, men skal verksemdene som i dag er i Gunhildvågen lukkast med eksisterande drift og kunne vidareutvikle seg, må det leggest til rette for konteinarhamn i arealplanen som no skal lagast. Dette utelukkar ikkje ei vidare konteinarhandtering på Botnastranda, for bedriftene som er lokaliserte i denne delen av byen.

3. Flyplassen og tilrettelegging for framtida

Det har lenge vore eit tema at ein må legge til rette for ei framtidig utviding av rullebana til Florø Lufthamn. FIN ser at dette vil bandlegge store areal, som kan brukast til bustad og næring. Bustad- og næringsareal må prioriterast framfor utviding av lufthamna. Det viktigaste fokuset som må arbeidast vidare med er at Florø Lufthamn blir den føretrekte lufthamna i regionen. Infrastrukturen rundt flyplassen må styrkast med framtidsretta terminalbygg, gode parkeringsfasilitetar og tilrettelegging for næringsareal nær flyplassen.

4. Tilgang på rikeleg og grøen energi i heile Florø

Tilgang på grøen energi vil vere ein viktig konkurransefaktor for næringsliv som er her og som ønskjer å etablere seg her. Kinn kommune har vedtatt ein visjon om 0-utslepp innan 2030 – dette krev meir enn fine ord. Kinn kommune må sjå på konsekvensane og legge til rette for å tilby næringslivet meir energi og reinare energi. Elektrifisering av næringslivet og transportsektoren vil verte ein flaskehals for framtidig utvikling.

Kinn kommune som har ansvar for infrastrukturen må sette av areal til nettstasjonar, slik at meir elektrisitet er tilgjengeleg for framtidige næringsaktivitetar på land, skipsfart og flytrafikk. Kommunen er ein betydeleg eigar i SFE, og bør bruke eigarmakta til å kanalisere meir av energien lokalt. Per i dag er tilgangen på energi i Gunhildvåg-området nærast sprengt. Her må det leggest til rette for å auke kapasiteten. Ein må og legge til rette for bruk av forbrenningsanlegg for trevirke og flis. Vi har både skog og teknologi til å lage rein energi med denne naturressursen. Dessutan er det eit stort potensiale i å utnytte fjordvarme som energi.

5. Fortetting i utbygde område

I kommuneplanen er det eit mål å legge vekt på betre utnytting og fortetting av utbygde område. Dette bør ein gjere ved å utvide utnyttingsgrada til næringsareal. FIN ønskjer auka utnyttingsgrad til minimum 60% og redusert krav til parkeringsplass ved næringsbygg.

Florø 5. november 2020

Bjørn Hollevik
Leiar Flora Industri- og Næringsforening
www.florain.no

913 81 879
bjorn.hollevik@enivest.no